

Radøy kommune
v/ Rådmann og Økonomisjef

Isdalstø, 6. november 2015

Rapport etter interimrevisjon Radøy Kommune, hausten 2015

Vi har no gjennomført interimrevisjon av Radøy Kommune. Under interimrevisjonen arbeider vi mykje med gjennomgå system og rutiner. Vi gjennomfører også besøk til ulike einingar.

Vi har i haust sendt ut mail til økonomisjefane i samtlege av eigarkommunane der vi ber om at dei vidaresender eit skjema til alle relevante einingar der ein skal fylle ut kva kontoar og kontantkassar tilsette disponerer i arbeidstida. Førebels viser tilbakemeldingane at Radøy har god oversikt over dei ulike einingane sine kontantkassar og kontoar, og få kontoar og kassar som ikkje er ført i kommunerekneskapet.

Teknisk avdeling har gjennomgått investeringsprosjekta på Velferdssenteret og Heimetenesta med oss, og vist oss dei investeringar som er igangsatt her. Vi har også vore på Austebygd skule og barnehage og gått gjennom litt rutiner med rektor samt sett på oppgraderinga av uteområdet der.

Vi takkar administrasjonen i kommunen for godt samarbeid i interimrevisjonen.

Vi har under interimrevisjonen avdekket nokre forhold som me meiner bør følgjast opp av administrasjonen. Desse blir gjennomgått nedanfor.

Forhold som bør følgjast opp

Rutiner NAV og Barnevern

Etter delegasjonsreglementet i Radøy er det einingsleiarane som har tilvisingsrett. Sosiale utbetalingar er i all hovudsak ikkje signert av leiar med tilvisingsrett. Det er opplyst at einingsleiar har vidaredelegert tilvisingsrett, men vi har ikkje fått dokumentasjon på dette. Det er heller ikkje avklart at einingsleiar har høve til å vidaredelegere denne i det heile. Det bør ikkje skje utbetalingar som er i strid med kommunen sine krav til attestasjon og tilvisning samt delegasjonsreglement.

NAV Radøy har fått ny tilsett. Vi har sett fleire døme på sosiale utbetalingar av vesentleg storleik som er attestert av vedkommande og ikkje tilvist av einingsleiar. Så vidt oss kjent føreligg det ikkje vidaredelegasjon av tilvisingsrett til denne personen.

Vi har også sett døme på utbetalingar frå barnevern som ikkje er signert av einingsleiar. Vi har fått opplyst at det her føreligg vidaredelegasjon, men dette er ikkje dokumentert.

Vi ber om at Radøy Kommune syter for at det er samsvar mellom delegasjonsreglement og praksis, og at det føreligg dokumentasjon på eventuelle vidaredelegasjonar.

Sosiale utbetalingar, personvern i hovudbok

Ved oppslag i hovudbok på konto for sosiale utbetalingar finn ein i stor grad namn på mottakar i bilagstekst. Almennheita har innsynsrett i hovudbok. Det er difor uheldig av personvernsomsyn at namn framgår her. Ved ein eventuell førespurnad om innsyn vil kommunen då måtte gå gjennom og sensurere. Vi ber om at kommunen vurderer å endre praksis for føring av slike bilag.

Avstemmingsrutinar for likvidar

Kommunen har ikkje vore ajour med avstemming av bankar i 2015. Avstemming bør gjerast fortløpande for kvar månad. Manglande ajourhald av avstemmingar aukar risikoen for feil og mislegheiter.

Vi ber også kommunen vurdere om det er hensiktsmessig å innføre rotasjon av bankavstemming evt saman med rotasjon av andre faste oppgåver. Ved å innføre rotasjon av bankavstemming vil ein betre internkontrollen. Ved å rotere faste oppgåver som fakturahandsaming, kontroll/utbetaling og hovudboksføring/bankavstemming t.d på månadsbasis vil ein også redusere sårbarheita ved fråver.

Kontantkassar og kontoar – særleg vedr. Radøy Interkommunale Busenter

På bakgrunn av tilbakemeldingar på førespurnaden om kontantkassar og bankkontoar som blir disponerte av tilsette i kommunen i arbeidstida vil det bli utarbeidd ei oversikt for kvar einskild kommune. Denne vil kommunen få kopi av. Vi har pr dags dato ikkje fått tilbakemelding frå alle einingar, vi vil difor kome tilbake til dykk med den totale oversikta på eit seinare tidspunkt.

Vi ynskjer likevel å gjere merksam på at Radøy Interkommunale busenter opplyser å disponere bankkontoar på vegne av bebuarar. Dei omtalar sjølv kontoane som «pasientkonto». Bankkontoane hadde til saman ein saldo på over 100 000 pr 3.11.15.

Vi er ikkje kjent med kva som ligg til grunn for at tilsette disponerer desse kontoane. Det kan vere vedtaksbasert eller ha bakgrunn i avtale med bebuar eller pårørande. Vi ber om at kommunen avklarar kva som er årsaka til at kommunalt tilsette disponerer desse kontoane. Kommunen må på bakgrunn av dette ta stilling til om dette er kontoar som etter sin art er omfatta av forskrift om kontantytelser frå folketrygden¹. Dersom dette er kontoar som er omfatta av forskrifta vil det medføre regnskaps- og revisjonsplikt.

Dersom kontoane ikkje er omfatta av forskrifta bør kommunen avklare eige ansvar og vurdere om det er ynskjeleg å stille krav om rekneskap og revisjon av kontoane.

¹ Forskrift av 14. februar 2014 nr 137 om disponering av kontantytelser fra folketrygden under opphold i kommunal helse- og omsorgsinstitusjon og i helseinstitusjon i spesialisthelsetjenesten.

Usikre forpliktingar


Under interimrevisjonen er vi informert om at kommunen kan ha usikre forpliktingar i samband med anbod. Dersom det føreligg slike uavklarte tilhøve under rekneskapsavslutninga skal desse handsamast etter kommunal regnskapsstandard nr 7 - Usikre forpliktelsar, betingede eiendeler og hendelser etter balansedagen.

Fakturagrunnlag ACOS

I samband med e-ordre på avdeling for plan har blir fakturagrunnlag arkivert i sakshandsamingssystemet Acos og det er referert til saksnummer på faktura. Revisjonen har ikkje tilgang til Acos og det vil også i kommunen være avgrensa tilgang til området der desse er arkivert. Vi har fått opplyst at dokumentasjon som ligg i Acos kan slettast under visse føresetnader.

Bokføringslova og Norsk bokføringsstandard nr 2, krev at det er to vegs kontrollspor mellom dokumentasjon og rekneskapsrapportering samt at dette sporet skal kunne følgjast på ein lett og kontrollbar måte. Vi vil difor be om at fakturagrunnlag også blir lagt som elektronisk vedlegg til e-ordre i Visma. Ein vil då ha enkel tilgang til fakturagrunnlaget og det er sikra mot endring eller sletting. Dette gjeld generelt for alle fakturagrunnlag som blir registrert som e-ordre.

Med venleg helsing
Nordhordland Revisjon IKS



Reidar Bjørsvik
Revisjonssjef

